



# BACHELOROPPGÅVE

Sjølvbetjent  
Campingplass

**CampLett**

Automatisk innsjekkingsautomat for campingplass

av

(12) Roy Arve Hetle  
(4) Jens Førsund  
(9) Eivind N. Inderøy  
(10) Sander Falkenstein

Avdeling for ingeniør og naturfag  
Ingeniørfag - elektro. automatiseringsteknikk  
H02-300  
Mai 2015



HØGSKULEN I  
SØGN OG FJORDANE



## 1.0 Referanseside

<b>TITTEL</b> H02-300 Bacheloroppgåve	<b>RAPPORTNR.</b> 1	<b>DATO</b> 22.05.2015
<b>PROSJEKTTITTEL</b>  CampLett - Automatisk innsjekking	<b>TILGJENGE</b> Open	<b>TAL SIDER</b> 73
<b>FORFATTARAR</b> Roy Arve Hetle Eivind N. Inderøy Jens Førsund Sander Falkenstein	<b>ANSVARLEGE RETTLEIARAR</b>  Jørn Sande	
<b>OPPDRAGSGJEVAR</b>  Høgskulen i Sogn og Fjordane		
<b>SAMANDRAG</b>  Denne rapporten viser utviklinga av ein prototype for automatisk innsjekking på ein campingplass. Prosjektet er basert på ein idé frå eit av gruppemedlemene.  Målet var å lage ein funksjonell og brukarvennleg innsjekkingsstasjon, der det skulle være mogleg for besøkande å sjekke inn sjølv og utføre betaling. Rapporten omhandlar undersøkingar og utvikling av prototypen og prosjektadministrativt arbeid som risikoanalyse.  Resultatet er ein fungerande prototype som besøkande kan bruke til å sjekke inn på når det ikkje er betjening til stades.		
<b>SUMMARY</b>  This rapport shows the development of a prototype for automatic check-in at a camping site. The project is based on an idea from one of the group members.  The subject was to develop a functional and user friendly program where a simple check- in could be performed. This rapport shows investigations and development of the prototype and project administrative work such as risk-analysis.  The result is a functional check-in system which customers can use when the camping site is unmanned.		
<b>EMNEORD</b>  Java, JavaFX, MySQL-database, RS-232, berøringsskjerm, bankterminal, camping, automat, sjølvbetjent		

## **2.0 Forord**

I løpet av sjette semester ved automatiseringslinja ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), skal studentane gjennomføre hovedprosjekt i faget *HO2-300-Bacheloroppgåve vår 2015*.

Prosjektet skal vere praktisk og/eller teoretisk. Det er eit krav at prosjektet skal dokumenterast i prosjektbeskriving, forprosjektrapport, plakat, pressemelding, munnleg presentasjon og sluttrapport. I tillegg skal det oppretta ei nettside der sluttrapporten skal leggast ut.

Hovedprosjektet er ei vidareføring av eit prosjekt gruppa hadde femte semester. Det vart då undersøkt interesse hos eigarar av campingplassar for å opprette sjølvbetjent innsjekking. Interessa for eit slikt produkt var til stades.

Vi vil rette takk til Høgskulen i Sogn og Fjordane for støtte til innkjøp av nødvendige utstyr. Vidare rettar vi takk til Kjørnes og Haugen camping for innspel til utvikling av prototypen og Nets Norge for god rettleiing av betalingsløysing.

Vi vil rette ei stor takk til Ingebjørg H. Førsund og Annette Hetle for at dei har lest korrektur på rapporten. Avsluttande vil vi takke vår rettleiar, Joar Sande for rettleiing under arbeidet med prosjektet.

Førde 22.05.2015

---

Roy A. Hetle

---

Jens Førsund

---

Eivind N. Inderøy

---

Sander Falkenstein

### 3.0 Samandrag

Dette prosjektet er utført av fire studentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane våren 2015.

Prosjektet har namnet CampLett, og målet er å projektere og utvikle ein programvare for bruk i sjølvbetjent innsjekkingsautomat.

Utvikling av programmet i prototypen er gjort i programmeringspråket Java, med NetBeans IDE som plattform. Databasen er oppretta i MySQL med Workbench som utviklingsplattform.

Fokuset har vore å utvikle ein brukarvenleg innsjekkingsautomat. Det er mellom anna laga fire forskjellege språkval. I tillegg er det laga figurar som skal vere logiske, slik at ein kan bruke programmet utan at ein beherskar nokon av språka. Dette gjer at det dei fleste campinggjestene kan bruke systemet.

Java-programmet behandlar informasjonen mellom det grafiske grensesnittet og databasen. Alle data som blir fylt inn av gjesten blir lagra i databasen, og samtidig blir data som pris og ledig plassar sendt til det grafiske grensesnittet. Som betalingsløysing er det implementert ein minibankterminal som kommuniserer med programmet. Gjesten må få godkjent kjøp på terminalen før innsjekkinga blir fullført.

Gruppa såg på moglegheita for å bygge prototypen etter regelverket for betalingsautomatar, for å sjå om det var mogleg å få den godkjent for kommersiell bruk. Det blei konkludert med at det ville bli for dyrt og for tidkrevjande å gjennomføre.

Det er utført ein test av programmet ved Høgskulen, og tilbakemeldingane frå studentar og tilsette var gode, under testinga vart det gjort endringar etter kvart som det kom tilbakemeldingar. I tillegg til dette har Kjørnes camping fått testa programmet og gitt det topp tilbakemeldingar.

Resultatet av prosjektet er ein fungerande prototype som gjestar kan nytte til innsjekking når betjeninga ikkje er til stade. Gjesten vel sjølv kor han skal bu, transaksjonen blir gjennomført med minibankkort, namn, lengde på opphold og betaling blir registrert i databasen.

## 4.0 Innhold

1.0 Referanseside .....	2
2.0 Forord .....	3
3.0 Samandrag .....	4
4.0 Innhold .....	5
5.0 Innleiing .....	8
5.1 Bakgrunn for oppgåva .....	8
5.2 Mål .....	10
5.3 Fagord .....	11
6.0 Samarbeid med næringslivet .....	14
6.1 Kjørnes Camping .....	14
6.2. Haugen Camping .....	14
6.3 Akutten studentkro .....	14
6.4 Microlog .....	14
6.5 Nets .....	14
6.6 Trucknor Firda .....	15
7.0 Utviklingsverktøy som er nytta .....	16
7.1 Java .....	16
7.2 JavaFX .....	16
7.3 MySQL .....	16
7.4 Bankterminal .....	17
7.5 RS-232 Standard .....	17
7.6 Panelpc .....	17
8.0 Teststasjon .....	18
9.0 Teknisk beskriving av prototypen til CampLett .....	19
9.1 Oppbygging av Java-basert logikk i CampLett-programmet .....	19
9.1.1 Java-klassen MySQLConnection .....	19
9.1.2 Java-klassen Bestilling .....	19
9.1.3 Java-klassen Bestillingsdata .....	20

9.1.4 Java-klassen HashMap.....	20
9.1.5 Java-klassen MainClass.....	22
9.1.6 Språkpakke .....	24
9.1.7 Skjermtastatur .....	25
9.2 Grafisk design i CampLett-programmet.....	26
9.2.1 Cascading Style Sheets .....	26
9.2.2 FXML og Controller -filer .....	27
9.2.3 Java-Klassen Alarm .....	28
9.2.4 Rammeverk for grafikk .....	28
9.2.5 Oppbygging av grafiske skjermbilder.....	30
9.3 Implementere bankterminal i CampLett-programmet.....	35
9.3.1 Java-biblioteket jbaxi.jar.....	35
9.3.2 Konfigurasjonsfila baxi.ini.....	35
9.3.3 Bruk av JBAXI i CampLett-programmet .....	35
9.4 Database .....	39
10.0 Utvikling av CampLett-programmet.....	41
10.1 Utvikling av grafisk design.....	42
10.2 Utvikling av Java-basert logikk i CampLett-programmet .....	45
10.2.1 Kommunikasjon med database .....	45
10.2.2 Språkpakke .....	45
10.2.3 Logikk for det grafiske .....	45
10.2.4 Skjermtastatur .....	46
10.3 Utvikling av databasesystemet til CampLett.....	48
10.4 Tilkoppling mellom bankterminal og Java .....	49
10.4.1 Undersøking av kommunikasjon .....	49
10.4.2 Kommunikasjonstest med hyperterminalar.....	51
10.4.3 Alternativ 1 - Javacard .....	52
10.4.4 Alternativ 2 - BAXI.....	52
10.5 Test av prototype.....	54
10.5.1 Testresultat.....	56

10.5.2 Styrkar og svakheiter rundt testen .....	56
11.0 Refleksjon rundt vidareføring av produkt .....	57
12.0 Konklusjon .....	59
13.0 Prosjektadministrasjon .....	60
13.1 Organisering av prosjektgruppe .....	60
13.1.1 Styringsgruppe .....	60
13.2 Ressursbruk .....	61
13.2.1 Økonomi .....	61
13.2.2 Timebruk i prosjektet .....	62
13.3 Gjennomføring av prosjektet etter tidsplan .....	63
13.3.1 Møte .....	64
13.4 Risikostyring .....	65
13.4.1 Risikovurdering .....	65
13.4.2 SWOT-Analyse .....	66
13.5 Nettside .....	67
13.6 Prosjektevaluering .....	68
14.0 Figurliste .....	69
15.0 Kjelder .....	70
16.0 Vedlegg .....	73

## 5.0 Innleiing

CampLett er eit prosjekt som er utført av fire studentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane våren 2015. Prosjektet går ut på å lage ein prototype til eit sjølvbetent system for å sjekke inn på ein campingplass.

På mange campingplassar i dag er det ikkje betjening på ettermiddagar og kveldar. Ved å gjere innsjekkinga sjølvbetjent kan ein gjere kvar dagen enklare for både kunde og eigar. Interessa og behovet for eit slikt produkt vart undersøkt Hausten 2014 i samband med eit studentprosjekt.

### 5.1 Bakgrunn for oppgåva

Grunnen til at prosjektgruppa valde å utvikle eit automatisert innsjekkingssystem for campingplassar var at eit av gruppemedlemmane hadde vore på campingferie og var frustrert over at det var vanskeleg å finne ut om det var ledige plassar. I tillegg var det ofte ikkje bemanning tilgjengelig når ein kom til campingplassen. På bakgrunn av dette vart det undersøkt korleis campingplassane i vår region, som er Sogn og Fjordane, løyser slike utfordringar.

Gjennom prosjektet hausten 2014 hadde gruppa kontakt med mange ulike campingplassar. Dei fekk forklart at det vart jobba med ein ide om eit program som gjer at kundar kan sjekke inn sjølve.

Undersøkinga viste at dei fleste campingplassane i Sogn og Fjordane har personell på jobb om dagen, og eigarane er tilgjengelege på telefon utanfor arbeidstida. Mange stilte seg positive til ideen om å gjere dette automatisert, sidan dei ville unngå å måtte reise fram og tilbake mellom campingplassen og sin eigen bustad kvar gong det kjem nye kundar. Dei som var skeptiske til ideen, frykta at dei ville miste kontakten med kundane, og dei følte at det ikkje var noko belastning å vere tilgjengelig på telefon.

Etter undersøkingane tok gruppa kontakt med Kjørnes og Haugen camping som hadde vist stor interesse for å gjere sin arbeidskvardag enklare. Haugen camping har brukt store summar på å automatisere mykje av arbeidet frå før. Der har alle kundar eige nøkkelkort som gjev tilgang til campingplassen og sanitærbygg. Ynskja deira var å redusere behovet for

bemanning og heller bruke tid på å reise innom for å sjekke korleis gjestane har det og for å ta utvask.

Gruppa besøkte Kjørnes og Haugen camping for å få innspel på korleis dei ønska at eit sjølvbetjent innsjekkingssystem skulle fungere. I tillegg ble det tatt telefonar til andre campingplassar, utifrå desse tilbakemeldingane såg vi at det var behov i marknaden. Men ein kritisk faktor var kostnaden.

På grunnlag av dette konkluderte vi med å jobbe vidare med ideen som hovudprosjekt. Sjølv om det var interesse i marknaden for å automatisere innsjekking, var eigarane skeptisk til å vere med på å utvikle dette. Grunnen var at dei følte dei ikkje hadde tid til å bidra, og dei var skeptiske på å investere i noko dei ikkje heilt veit kva er. Men dei var veldig interesserte i å vere med på å gje innspel og å sjå det ferdige produktet.

## **5.2 Mål**

Prosjektfasen vart starta med å utforme eit forprosjekt, og her bestemte gruppa kva mål og avgrensingar prosjektet skulle ha. HiSF har tildelt gruppa 500 timer pr. student til å planlegge, gjennomføre og dokumentere heile prosjektet.

### **Hovudmål**

Hovudmålet for prosjektet er å projektere og utvikle ein programvare for bruk i sjølvbetjent innsjekkingsautomat på campingplass.

### **Delmål**

- Utvikle ein programvare for prototypen
- Gjere programvaren enkel å oppdatere, slik at nye funksjonar enkelt kan leggast til
- Lage eit brukarvenleg grensesnitt. Det skal brukast mest mogleg logiske og/eller standardiserte symbol i tillegg til forklarande tekst som er enkel å forstå
- Prototypen skal ha funksjonar for bestilling direkte på campingplassen
- Utvikle systemet basert på tilbakemeldingar frå dei campingplassane vi har samarbeid med tidlegare
- Lage ein teststasjon for utprøving av programvaren
- Brukargrensesnittet skal vere på fire ulike språk: tysk, engelsk, norsk og polsk
- Halde fokus på risikostyring
- Som ein del av prosjektet skal gruppa opprette ei nettside, der ein held den ved like med informasjon om prosjektet

### **Avgrensing**

Produktet vert avgrensa til ein prototype for programvaren. Det vil sei at det er utvikling av programvaren som står i hovudfokus. Teststasjonen treng ikkje å lagast for å stå utandørs utan tilsyn, slik at ferdig produkt ville vere.

### 5.3 Fagord

HiSF	Høgskulen i Sogn og Fjordane
HiSF-AIN	Avdeling for Ingeniørfag og Naturfag ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
Open kjeldekode	Programvare der kjeldekoden er offentlig tilgjengelig
Database	Strukturert samling av data
Bankterminal	Terminal som behandler transaksjonar med minibankkort
Panel Pc	Ein pc med berøringsskjerm, der alt er bygd i ei eining
Berøringsskjerm	Ein skjerm som mekar berøring og kvar på skjermen berøringa er
Algoritme	Beskriving av ein endelig serie av operasjonar
Grensesnitt	Gjer at ulike program/menneske kan kommunisere med kvarandre
Administrator	Person som har særskilt tilgang og overordna ansvar
Universell utforming	Retningslinjer for at samfunnet skal vere tilpassa personer med funksjonsnedsettelse
Plattform	Eit miljø der forskjellige typar programvare kan bli køyrt innanfor
Prototype	Modell som blir laga før ein startar produksjon
HMI	Eit grensnitt mellom menneske og maskin også kalla brukargrensesnitt
Universell utforming	Krav til at ei løysing skal kunne brukast av alle
Smartcard	Smartkort, kort med innebygd elektroniks chip.
Protokoll	Standardiserte reglar for overføring, som kan brukast mellom ulike program på ulike maskiner i same nettverk
Hyperterminal	Ein programvare som kan overfører kommunikasjon via com-port
Databit / bit	Den elementære eininga i digital kommunikasjon. Kan berre ha verdi 0 eller 1
Serielle Bits	Ein bit blir sendt om gangen med enten verdi 0 eller 1
Domenenamn	Ein string som brukast til adressering på internett
Kjeldekode	Programmeringskode som definerer korleis eit dataprogram verkar
SWOT	Analyseverktøy for å kartleggje sterke og svake sider ved eit prosjekt
Primærnøkkel	Nøkkelverdi for å kople saman databasar
Bueining	Campingvogn, telt eller hytte på in campingplass
Handshake	Automatisk utveksling av parameter før datakommunikasjon starter
Java	Programmeringspråk
JavaFX	Grafikk og media –pakkar for Java
NetBeans IDE	Programmeringsplattform for blant anna Java
SceneBuilder	Verktøy i Netbeans for å designe applikasjonar til JavaFX
Oracle	Utviklar av Netbeans IDE og utgiver av Java
MySQL	Databaseadministrasjonsverktøy
MySQL Workbench	Plattform for utvikling av MySQL
WordPress	Verktøy for utforming av Nettside
TapTip	Skjermtastatur som ligg i Windows 7 og 8
FTP-portal	Ein lagringsplass på internett for global tilgang til filer
Google docks	Verktøy for å behandle dokument på internett
CMD	Program på Windows for å sende kommandoar til OS
Excel	Rekneprogram som ligg i Microsoft Office

RS232	Ein standard for seriell kommunikasjon
USB	Universal Serial Bus, standard for å kople einingar til ei datamaskin
jbaxi.jar	JAR-fil, frå Nets med metodar for å kommunisere med bankterminal
baxi.ini	Konfigurasjonsfil frå Nets, for å kommunisere med bankterminal
Mini USB	Standard for kommunikasjon, og strømforsyning til mobile einingar
Ingenico ICT-220	Minibankterminal (merkenavn)
Com-port	Ein kommunikasjonsport på pc for seriell overføring av data
XAMPP	Verktøy for å teste og utvikle nettapplikasjoner
HTML	Utviklingspråk for nettside
PHP	Utviklingspråk for dynamiske nettsider
Windows	Eit operativsystem frå Microsoft
XML	Eit språk for deling av strukturerte data
PostMessage	Metode for å sende data i Windows
Compilator / Compiler	Program som konverterer frå kjeldekode til eit køyrbart dataprogram
DFS-13	Protokoll for å kommunisere med bankterminal
BAXI /JBAXI	Protokoll for å kommunisere med bankterminal
Javacard	Platform for kommunisere med smartkort
Klasse	Ei samling av metodar
Bibliotek	Samling av klassar og variablar som kan brukast til programutvikling
Metode	Gruppe av programkommandoar som kan kallast på etter behov
Konstruktør	Metode som ligg i ein klasse, blir kjørt første gong klassen eller objekt av den blir brukt.
Objekt	Ein instans av ein klasse som vert oppretta når programmet køyrer
Collection	Ei samling av objekt i Java-kode
HashMap	Ein type Collection som har både nøkkel og verdi
null-verdi	En tom verdi, den verdien ein variabel vil ha før den har blitt definert
Set-metode	Metode for å gi ein verdi til ein privat variabel
Get-metode	Metode for å få ein verdi frå ein privat variabel
Eventlistener	Ein metode som overvakar eit parameter og kan utføre kommandoar ved endring i parameteren
Arv	Å få eigenskapar som variablar og metodar frå en anna klasse
StackPane	Klasse i JavaFX for å behandle bilde
Scene	JavaFX API for å presentere bilde på skjermen
Interface	Abstrakt Java-klasse, med metodar, utan innhold
CSS	Cascading Style Sheet, språk som kan bestemme utsjånad på HTML eller XML - filer
FXML	Språk utvikla frå XML, for å definere grafisk utsjånad i JavaFX
Controller-fil	Java-fil som inneholder logikk bak den grafiske utsjånaden
Parameter/variabel	Ein haldar for ein verdi som kan endre seg i programmet
String	Variabel som inneholder bokstavar som ord eller setningar
Varchar	Variabeltype som inneholder bokstavar, brukt i MySQL
Integer	Variabeltype i Java som inneholder heiltal
ECR	Electronic Cash Register, kassesystem.

EMV	Europay Mastercard and Visa, Standard for å gjere betaling med kort sikrare
OS	Operativ System
API	Applikasjonsprogrammeringsgrensesnitt, grensesnitt som gjer at eit program kan køyre delar av eit anna program
JDK	Java Development Kit, Java-versjon for å utvikle program
JRE	Java Runtime Environment, Java-versjon for å køyre program
JNA	Java Native Access, Java-bibliotek med metodar for å kommunisere med OS
DIFI	Direktoratet for forvalting og IKT
OOP	Objekt orientert programmering
DE-9	Plugg som blir brukt som Com-port på pc
NDA	Non-disclosure agreement, er ein avtale om teieplikt

## **6.0 Samarbeid med næringslivet**

I dette kapittelet fortel vi om ulike bedrifter vi har hatt kontakt med, og kva dei har bidrege med i prosjektet.

### **6.1 Kjørnes Camping**

Kjørnes camping ligger 4 kilometer utanfor Sogndal i retning Kaupanger. Eigarane her er tilgjengeleg for kundane døgnet rundt og er avhengig av å vere i nærliken av campingplassen til ei kvar tid. Løysinga Kjørnes har i dag er i høgste grad basert på tillit. Når personale ikkje er til stades, er det mogleg for besøkande å skrive si eiga kvittering og legge igjen kontantar for opphaldet i ei postkasse.

Når vi tok kontakt, var dei veldig positive til ei form for automatisering av innsjekkinga, då spesielt i skuldersesongen på våren og hausten. Dei har bidrege med gode råd om kva funksjonar ein bør ha i eit sjølvbetjent innsjekkingssystem.

### **6.2. Haugen Camping**

Denne campingplassen er lokalisert på Skei i Jølster. Her har dei automatisert delar av campingdrifta allereie. Grunnen til at vi besøkte dei var for å sjå kva dei hadde gjort, og kva dei meinte vi burde ha med i vårt system. Her fekk vi mange gode tips om kva funksjonar dei som eigrar ynskjer seg.

### **6.3 Akutten studentkro**

Akutten er den lokale studentkroa ved HiSF, avdeling Førde. Der fekk gruppa ein avtale om lån av minibankterminal utanom opningstidene deira.

### **6.4 Microlog**

Microlog leverer betalingsløysingar i form av bankterminalar og automatar. Vi hadde fleire samtaler med dei for å finne ut kva krav som blei stilte til betalingsystem med tanke på å få vårt system godkjent.

### **6.5 Nets**

Nets er leiande leverandør av betalingsløysingar i Norden. Den terminalen vi lånar av Akutten studentkro er levert av Nets. Vi har samarbeida med dei for å finne ut korleis vi skal få kommunikasjon mellom bankterminalen og vårt program.

For å få tilgang til konfigurasjonsfiler og Java-bibliotek som Nets har utvikla, har CampLett inngått ei NDA-avtale med Nets. Dette er ei avtale som sikrar at informasjon som blir delt mellom partane HiSF og Nets ikkje blir delt utanfor dei vilkåra som er bestemt av avtalen. sjå vedlegg 5.

Med grunnlag i punkt 4. i NDA-avtalen, og samtale med Nets, sjå vedlegg 4. Har vi komme til at sensor og fagleiar kan få innsyns i Nets sine filer. Kjeldekodane er derfor levert inn i si heilheit. Rapporten kan ikkje gå grundigare inn på Nets sitt filsystem enn den gjer, då den skal ut i offentlegheita.

## 6.6 Trucknor Firda

Trucknor Firda er ein lokalt verkstad for tunge kjøretøy i Førde. Her har vi fått låne utstyr til å bygge haldar for prototypen vår.

## 7.0 Utviklingsverktøy som er nytta

I dette kapittelet vil vi gå nærmere inn på kva produkt og program som er brukt i prosjektet.

### 7.1 Java

NetBeans IDE 8.0 er brukt som programmeringsplattform for å utvikle CampLett-programmet. Programmet er skrive i programmeringspråket Java. Dette er eit objektorientert programmeringsspråk [1]. Grunnane til at Java er brukt er fleire. Det er ingen kostnader ved å bruke verken utviklingsverktøya eller biblioteka, og det finst mange opne kjeldekodar på internett. Java er også eit av dei mest brukte programmeringsspråka i verda [2]. Alle i prosjektgruppa har også god kjennskap til Java frå før.

Det finst to versjonar av Java, Java Development Kit (JDK) og Java Runtime Environment (JRE). For å utvikle Java-program, er det nødvendig å ha JDK. Denne pakken gir tilgang til alle standard Java-bibliotek i tillegg til ein del nødvendige utviklarverktøy. [3]

Teststasjonen til CampLett skal ikkje brukast til utvikling av program, derfor er det nok å installere JRE for å køyre ferdige program. JRE inneheld dei same biblioteka som JDK, men utviklarverktøya følgjer ikkje med. Det er heller ikkje nødvendig å installere NetBeans eller andre plattformer for å køyre programmet, då JRE ordnar det sjølv.

### 7.2 JavaFX

JavaFX er utvikla for at programutviklarar skal kunne lage gode grafisk grensesnitt som fungerer likt på ulike plattformer. Dette biblioteket inneheld ei stor mengd klassar som kan nyttast til å lage grafikk og animasjon. JavaFX gjer det mogeleg å lage design i FXML-kode eller å bruke Scene Builder til å konstruere FXML-filer, med ein «drag and drop» -funksjon [4]. Dette gjer at ein kan skilje brukargrensesnittet og logikken på ein enkel og oversiktleg måte.

### 7.3 MySQL

For å ha kontroll over plassar og gjester, treng programmet ein database. Gjennom undervisning i tidlegare delar av studiet har gruppa fått kjennskap til MySQL. Dette er verdens mest brukte databaseverktøy [5]. Ein annan stor fordel med MySQL er at det er eit gratis system. For å opprette databasen, er det brukt MySQL Workbench. Det er enkelt å kommunisere med MySQL frå dei fleste programmeringspråk, deriblant Java som er brukt i dette prosjektet.

## **7.4 Bankterminal**

Eit av måla var å ha ei betalingsløysing. For å få til det, var det behov for å opprette kommunikasjon mellom ein bankterminal og vår programvare. Det blei gjort ein avtale med Akutten studentkro om å få låne bankterminalen deira. Dette var ein Ingenico ICT220 terminal som er levert av Nets som leverer betalingskort og informasjonsløysingar i dei nordiske landa. [6]

## **7.5 RS-232 Standard**

RS-232 er ein standard for seriell samankopling og kommunikasjon. Her har ein eit val mellom to ulike pluggar, DB25 eller DE-9. Dette er en standard som kom på 60-talet [7]. RS-232 er ein enkel kommunikasjonsprotokoll der ein sender enkle databits, 0 eller 1, over ledarar i ein RS-kabel. Det er også mogleg å sende RS-232-signal gjennom ein USB-kabel slik vi har gjort i dette prosjektet.

## **7.6 Panelpc**

Pc-løysinga er levert av firmaet Elektronix Com-Scan AS. Den er av merket Aplex og har ein resistiv berøringsskjerm. Maskina har fire COM-portar som ein treng for å kunne kople til eksterne einingar som bankterminal, mus og tastatur [8].

Når det skulle veljast leverandør, fokuserte gruppa på at produktet skulle være av høg kvalitet. Panelpc-en skulle i tillegg vere enkel å frakte med seg. Sidan den har integrert harddisk og prosessor, krev den liten plass og er lett å ta med seg til demonstrasjon hos potensielle kundar.

## 8.0 Teststasjon

For å utvikle eit produkt som skal ut i marknaden, er det eit stort arbeid å setje seg inn i kvar einskild standard og regelverk. Sidan prosjektet går ut på å byggje ein prototype, er ein ikkje avhengig av å bygge den etter standarden. Gruppa ville likevel sjå om det var mogleg å byggje prototypen etter reglane som er basert på lova om universell utforming [9].

Både Vegdirektoratet og DIFI har utarbeida dokument som beskriv kva krav som blir sett til ein automatisert betalingsautomat. DIFI har laga oversikt over kva standardar automatar skal samsvare med. [10] Det einaste som er godkjent på prototypen er bankterminalen, den er EMV sertifisert [11]. Sidan innkjøp av så mange standardar var kostbart, blei dei ikkje kjøpt inn. Ein baserte seg på *Vegdirektoratet sin vegleder*, som set krav til plass rundt automaten og betjeningshøgde [12]. Det er også krav til innsyn, dvs. lysstyrken på skjermen og kva vinklar ein skal kunne lese innhaldet frå [13].

Frå blindeforbundet er det anbefalt å ikkje bruke berøringsskjerm. Det skal og vere mogleg å ha lyd for å informere, og tastatur godkjent for blinde og synshemma [14].

Etter å ha sett oss inn i regelverket, blei det konkludert med at ein måtte sjå vekk frå ein del av anbefalingane sidan dei ikkje var relevante for ein prototype.

Under bygginga av teststasjonen, blei fokuset å lage ein haldar som gjer det enkelt å ta med seg produktet ut til potensielle kundar for demonstrasjon. Det blei derfor bygd ei ramme som panelpc-en kan setjast inn i. Det vart valt å sjå vekk frå kravet til høgde og plassering sidan det ikkje er aktuelt å setje den opp på ein fast plass. Dei fleste gjestar ved campingplassar brukar bil for å komme seg til campingplassen og dermed tilfredsstiller dei krava til syn.

## 9.0 Teknisk beskriving av prototypen til CampLett

Denne delen av rapporten går djupare inn i programmeringa, program og komponentar som er brukt for å utvikle CampLett. Kapittelet er ei beskriving på korleis CampLett-programmet er bygd opp. I vedlegg nr 9 kan ein sjå blokkdiagram og i vedlegg 10 flytskjema for heile CampLett-programmet.

### 9.1 Oppbygging av Java-basert logikk i CampLett-programmet

CampLett-programmet er i stor grad basert på objektorientert programmering (OOP). OOP handlar om å dele opp programmet i klassar som har sine sett av variablar og metodar for å utføre spesifikke oppgåver. Eit godt eksempel på det er klassen «MySQLConnection», som er nærmere beskrive i følgjande underkapittel. Eit objekt er ein instans eller ein kopi av ein klasse som kan brukast når som helst. Det innehavar alle variablar og metodar frå klassen det er objekt av. Det kan opprettaast så mange uavhengige objekt av ein klasse som ein ynskjer [1].

Vidare i dette kapittelet vert det beskrive korleis den logiske delen som ligg bak CampLett-programmet er bygd opp og fungerer.

#### 9.1.1 Java-klassen MySQLConnection

Dette er ein klasse som behandler all kommunikasjon mellom Java og MySQL-databasen. Her er det metodar for å setje bestilling, slette bestilling og lese kva plassar som er opptatt i bestillingsdatabasen. Det finst også ein metode for å lese informasjon som pris, størrelse og type på dei ulike bueiningane.

#### 9.1.2 Java-klassen Bestilling

Klassen «Bestilling» inneheld variablar som stemmer overeins med kolonnane for bestillingar i databasen. På den måten kan eit objekt av denne klassen representere ei bestilling i databasen, sjå figur 1 og 2. Klassen har «set og get -metodar» for å setje inn og hente informasjon i objekta av klassen.

```

public class Bestilling {

    private int nr;
    private Date innsjekk;
    private Date utskjekk;
    private String fornavn;
    private String etternavn;
    private double totalsum;
    private boolean betalt;
}

```

Figur 1 Utsnitt av klassen bestilling, variablene stemmer overeins med databasen

Nr	innsjekk	utsjekk	Fornavn	Etternavn	Total_Sum	Betaling_godkjent
1	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
2	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
3	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
4	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
5	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
6	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
7	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
8	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
9	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0
10	NULL	NULL	NULL	NULL	0	0

Figur 2 Utsnitt av databasen, variablene stemmer overeins med klassen bestilling

### 9.1.3 Java-klassen Bestillingsdata

På same måte som «Bestilling», inneholder «Bestillingsdata» variabler som stemmer overeins med kolonnane i den andre tabellen i databasen. På den måten kan eit objekt av denne klassen representerer ei bueining i databasen.

Klassen har «get-metodar» for å hente informasjon i objekta av klassen. Alle parameter vert sett i konstruktøren. Dette er fordi informasjonen berre skal setjast inn når den vert henta frå databasen. Etter dette skal ein berre ha mogelegheit til å lese frå objektet.


### 9.1.4 Java-klassen HashMap

I fleire tilfelle er det nødvendig å flytte mange objekt i programmet på same tid. Eksempel på dette er når «MySQLConnection» blir beden om å hente alle bestillingar frå databasen, og kvar bestilling blir representert av eit objekt av «Bestilling». Objekta vert samla i ein «HashMap», som er ein «Collection» eller samling av data [15].

Grunnen til at «HashMap» er brukt, er at den har to inngangsparameter, nøkkel og verdi [16]. Alle bueiningane på campingplassen har unike nummer, og dei er også primærnøkkel i databasen. Ved å bruke dette nummeret som nøkkel i «HashMap» vert det enkelt å hente ut ei aktuell bestilling frå ei større samling.

### 9.1.5 Java-klassen MainClass

I grove trekk er all databehandling og berekningar avskilt frå den grafiske delen av programmet. Denne organiseringa er gjort for å lage god oversikt, og for å lette utviding og feilretting av programmet. Den grafiske delen brukar eit objekt av klassen «MainClass» som inneheld metodar for databehandling og nødvendige objekt av andre klassar. Figur 3 viser eit utsnitt av dette systemet. Skjema over heile systemet kan ein sjå i vedlegg 9.



Figur 3 Utsnitt av samansettinga av klassane i CampLett-programmet

Metodane i «MainClass» er konstruert for å beregne og hente den informasjonen den grafiske delen har behov for, for å vise relevant informasjon på skjermen. Eksempel på dette er å sortere ut dei ledige hyttene frå alle bueiningane, eller å vise eller skjule tastatur på skjermen.

Vidare vert nokre av dei mest omfattande metodane i «MainClass» forklart djupare.

#### Setje bestilling

Den grafiske delen av programmet vil i løpet av bestillingsprosessen be brukaren om å taste inn alle opplysningar som krevjast for å utføre ei bestilling. Dette er informasjon om kva spesifikk bueining som er ønska og lengde på opphaldet. Informasjon som pris og om betalinga er godkjend vert berekna i «MainClass».

I «MainClass» finnes det eit objekt av «Bestilling». Dette er i utgangspunktet tomt og er tilgjengelig under heile bestillingsprosessen. Etter kvart som informasjon vert tilgjengeleg vert den sett inn i dette objektet. Når betalinga er godkjend, vert objektet sendt til MySQL-databasen og lagra som ei ny godkjend bestilling.

## **Omstart**

«MainClass» har en metode som bli køyrt kvar gong ei bestilling er godkjend eller blir avbroten, det vil seie kvar gong «velkommenbildet» viser på skjermen. Metoden heiter «cleanSystem», og namnet reflekterer funksjonen godt. Meininga er å setje parameter i «MainClass» tilbake til utgangspunktet, for eksempel å setje bestiller sitt namn og lengde på opphold tilbake til null.

Tabellen med informasjon om bualternativa vert lasta inn frå MySQL i denne metoden. Programmet er sett opp til å laste dette i «cleanSystem» i staden for kvar gong ein treng informasjon. Fordelen med dette er at kommunikasjonen ut av Java vert avgrensa til ein gong for kvar bestilling. Slik sparar ein bruken av prosessor og minne på maskina.

Databasen med bestillingar vert og lasta inn her. Dette er for å kontrollere om utleigetida på nokon av dei aktive bestillingane er utgått. Er den det, vert bestillinga teken ut av databasen.

I «cleanSystem» vert det valte språket sett til engelsk sjølv om det fyrste skjermbildet ber kunden velje språk før språket vert nytta til noko i programmet. Grunnen til at det likevel vert sett til engelsk i «cleanSystem», er ei sikring mot at det skal oppstå null-verdiar ved eventuelle feil.

«cleanSystem» har ein siste sikkerheitsfunksjon. Om ikkje Java får kontakt med databasen vert det sendt opp ei feilmelding i eit eige vindauge på skjermen. Det informerer om nettopp dette og ber kunden ta kontakt med personell på campingplassen.

## **Loggfil**

Når dei ulike delane av programmet vert laga i NetBeans og Java Development Kit(JDK), kan programmet køyrast med tilgang til eit vindauge som viser informasjon om prosessen. Ein kan også skrive ut verdiar for å fylgje betre med ved feilsøking. Dette er derimot ikkje mogeleg når ein køyrer programmet utanfor NetBeans. Derfor har «MainClass» ein metode som kan skrive ut stringar til ei loggfil som legg seg lokalt på pc-en. Her kan systemansvarleg gå inn å lese om det har komme feilmeldingar og liknande.

## Interface

«MainClass» implementerer ein «Interface». «Interface» er ein abstrakt klasse som berre inneheld tomme metodar og har ingen anna funksjon en å vere eit skelett for «MainClass». Ved å implementere denne «Interfacen» får ein feilmeldingar om ein prøver å køyre «MainClass» utan at den inneholder metodar med tilsvarende namn og parameter som «Interfacen» har [17]. Dette er gjort i «MainClass» for det fyrste for å vere trygg på at ikkje vitale delar av programmet manglar, men også for å skape oversikt over alle metodane som trengst.

### 9.1.6 Språkpakke

CampLett-programmet er oversett til fire forskjellige språk: norsk, engelsk, tysk og polsk.

Språkpakken er bygd opp av klassen «Language», og ein klasse for kvart språk. Denne klassen har ein tom String-variabel for kvar av stringane som vert nytta i heile den grafiske delen av programmet. Med andre ord alle dei synlege setningane eller enkeltord som i eit eller anna tilfelle skal visast på skjermen. Kvar av desse variablane har ein «get-metode», og alle variablane vert sett i konstruktøren til klassen.

For kvart av dei aktuelle språka finst det ein eigen klasse som arvar (extends) frå «Language». Denne arva medfører tilgang til alle String-variablane. Det medfører også arv av konstruktøren, og det er her vi fyller inn med setningane og ord omsett til det aktuelle språket.

I hovudprogrammet ligg det eit objekt av klassen «Language» som heiter «valgtSprak». Når ein kunde vel kva språk han vil bruke, vil dette objektet bli sett likt den klassen som inneholder det aktuelle språket. Dette er mogeleg fordi språkklassane har arva strukturen til «language».

Når den grafiske delen av programmet skal vise ein tekst hentast den aktuelle setninga frå objektet «valgtSprak» via get-metoden til variabelen. Dette vil alltid komme på riktig språk fordi programmet først set objektet til eit språk og alltid refererer til dette objektet.

### **9.1.7 Skjermtastatur**

Programmet vårt gjer seg nytte av «TabTip», det innebygde skjermtastaturet i Windows 7. Innstillingane for dette tastaturet kan setjast på førehand og vil bli brukt kvar gong tastaturet vert opna. Vi har sett tastaturet til å dekke halve skjermen og vere forankra i botnen.

For å opne tastaturet ved behov brukar vi metoden Runtime frå Java-biblioteket [18]. Den gjer det mogeleg å sende startkommandoar til Windows. For å fjerne tastaturet frå skjermen igjen, nyttar vi eit eksternt bibliotek, Java Native Access (JNA). Dette biblioteket inneheld metodar som gjer oss i stand til å kommunisere med operativsystemet på tvers av plattform og språk [19]. Kommandoen som vert sendt for å skjule «TabTip» er ein «PostMessage». Det er same type kommando som Windows brukar for kommunisere internt [20].


## 9.2 Grafisk design i CampLett-programmet

Grensesnittet i CampLett er kommunikasjonen mellom datamaskin og menneske. For å kunne forklare korleis det grafiske grensesnittet er bygd opp, blir det i dette kapittelet ei gjennomgåing av dei ulike verktøya og metodane som er nytta for å lage dei grafiske bilda og for å få dei til å kommunisere med Java-koden.

### 9.2.1 Cascading Style Sheets

Den grafiske delen av CampLett-programmet er i si heilheit designa ved hjelp av Cascading Style Sheets (CSS). Dette er ein enkel mekanisme for å legge til stilar som skrift, farge og størrelse på web-dokument. Det er eit språk som vert brukt til å definere utsjånaden på filer skrivne i HTML eller XML. Ei CSS-fil kan peike på og styre eit uavgrensa tal filer, eksempel på CSS-fil ser ein i figur nr 5.

Ved å endre CSS-fila, vil ein endre fargebruk, bakgrunnsbilde osv. i alle dokument som fila peikar på. CSS overkøyrer FXML-kodar når det gjelde utsjånad. Figur nr. 4 viser eit døme på dette. Der er bakgrunnsbildet sett, og størrelsen på skrifta er endra [21].



Figur 5 viser CSS-fila styling.css

```
#home {  
    -fx-background-image: url("home.png");  
    -fx-background-size: 65px 65px;  
    -fx-background-repeat: no-repeat;  
    -fx-background-position: center;  
    -fx-font-size: 13px;  
}
```

Figur 4 Viser utsnitt av CSS-fil

## 9.2.2 FXML og Controller -filer

CampLett-programmet sin grafiske del er i hovudsak bygd opp av eit rammeverk, sjå kapittel 9.2.4, og eit sett av FXML-filer og Controller-filer. Kvart skjerm bilde har eit slikt sett.

I figur 6 ser ein Controller-fila «BankTerminalController.java» som er ei Java-fil og inneholder logikken bak skjerm bildet. FXML-fila «BankTerminal.fxml» inneholder grensesnitt, struktur og element i XML form, med andre ord utsjånaden på skjerm bildet. FXML-fila inneholder i tillegg til utsjånaden på skjerm bildet også informasjon om kva Controller-fil og CSS-fil som hører til skjerm bildet slik at desse automatisk vert køyrt samtidig som FXML-fila.



Figur 6 FXML og Java -fil


Netbeans autogenererer ein heil del for oss etter FXML-fila er laga, blant anna eit variabelnavn i Java-fila for kvart element i FXML-fila. Slik kan vi styre FXML-elementet frå Java-kode.

Det blir også autogenerert ein «Eventlistener» som tar hand om det som skal skje når ein trykkjer på ein knapp eller flyttar på ein slider. «Eventlisteneren» er linka til ein metode i Java-fila som vert køyrt når noko skjer på skjermen. Slik kan element på skjermen styre ting som skal skje i Java-koden.

### 9.2.3 Java-Klassen Alarm

For å varsle kunden om eventuelle feil i programmet, eller ved tilfelle der kunden har gløymt å fylle inn nødvendig informasjon for å fullføre bestillinga er det nytta ein klasse som heier «Alert». Denne klassen ligg i JavaFX-biblioteket og kom med oppdateringa «8u40» [22].

Som ein ser av figur 7, sprett det opp eit standardisert vindauge på skjermen. Dette legg seg over det eksisterande skjermbildet og viser den nødvendige informasjonen. Vindaugen vil forsvinne om ein trykker «OK».



Figur 7 Alarm på skjerm


### 9.2.4 Rammeverk for grafikk

Programmet har åtte ulike skjermbilde som skal visast. Vi vil her forklare korleis organiseringa av dette er gjort i JavaFX. Denne delen av programmet er bygd på ein artikkel av «Angela Ceicedo» publisert 8. februar 2013 [23].

«ScreensFramework» er den klassen i CampLett-programmet som sett i gong programmet. I oppstartinga vert det grafiske bilde eller scena oppretta. Det er også her vi bestemmer at bildet skal visast i fullskjerm og at standard menyramma skal fjernast. Programmet har no eit grafisk bilde, men det er tomt og inneholder berre ein kvit bakgrunn.

«ScreensController» arvar i frå klassen «StackPane» som har eigenskapar som lagar eit fint miljø for å vise skjermbilda våre, mellom anna ved å ta seg av tilpassing av størrelsen på bildet i forhold til tilgjengelig skermstørrelse. «StackPane» kan også legge fleire skjermbilder oppå kvarandre i ein stabel, og ein kan endre rekkefølgjene etter kva bilde ein vil ha synleg [24]. I CampLett-programmet er det berre eit bilde i stabelen om gongen. Dette er for at grafikken på datamaskina skal få mindre å arbeide med, og på denne måten minimerar vi sjansen for at bilde frys eller at det hakkar.

«ScreensController» inneholder metodar for å organisere kva bilde som vert vist på skjermen. Hovudmetoden i klassen må vite kva skjermbilde som skal køyrast for å starte. Den krev namnet på FXML-fila i String-form som inngangsparameter.



Figur 8 Utsnitt av det grafiske rammeverket

Figur 8 viser blokkskjema av den grafiske delen av programmet, sjå resten av systemet i vedlegg 9. Når programmet startar, vert det første skjermbildet lagt i «StackPane», og ved hjelp av ein «FXML Loader» vert det lasta inn i den grafiske scena . Kvar gong grafikken tilseier at det skal bytast skjermbilde vert hovudmetoden i «ScreensController» køyrt med referanse til det nye skjermbildet. Denne hovudmetoden vil også køyre ein «fade inn / fade ut» animasjon av skjermbilde på 300 millisekund for å få ein mjuk overgang.

### 9.2.5 Oppbygging av grafiske skjermbilde

Språkalternativa i hovudmenyen er laga ved å ta i bruk fire knappar og fire «imageview» (digitale bilderammer). Knappen og «imageview» står plassert ved sida av kvarandre, som vist på figur 9. Det er gjort på same måte for alle språkalternativa under kvarandre.



Figur 9 Utsnitt frå første skjermbilde

Knappen og den tilhøyrande «imageview» har fått den same FXML-ID-en. Det vil seie at om ein klikkar på knappen med teksten «Norsk» eller det norske flagget vil den same handlinga bli utført i controller-fila.



Figur 10 Skjermbilde "Boforhold"

Figur 10 viser skjermbildet «Boforhold», og det er her i programmet bualternativet blir valt. Her er det plassert knappar, «imageview», sirklar og labelar. Det er gjort på same måte som på førre skjermbilde, knapp og «imageview» side om side har same FXML-ID. Og ved å klikke på ein av dei blir det utført ei handling basert på valet.

Det er plassert to sirklar med tilhøyrande tekst som viser kva dei forskjellige fargane rød og grøn indikerer. Dei er berre til informasjon og utfører ingen handling om dei vert trykt på.

Dei tre sirklane ved bualternativa viser om det er ledig plass der eller ikkje. Når skjermbildet blir lasta vert det henta informasjon frå databasen for å sjekke kva plassar som er ledige. Sirklane vil heile tida vise fargen grøn om det er minst ein ledig plass. Prisen per døgn er henta frå databasen og er oppgitt i norsk valuta. Stringen «Dagar» er henta frå språkklassen og kjem derfor på språket som tidlegare er valt.



Figur 13 Oversikt over hytter



Figur 12 Oversikt over teltplassar



Figur 11 Oversikt over bobilplassar

I neste skjermbilde kjem ein til kart over campingplassen for den bueinga ein har valt. Det er laga tre forskjellige skjermbilde for å dekke førre val, sjå figur 11, 12 og 13. Desse skjermbilda er bygd opp med ein sirkel for kvar plass som ein skal trykke på for å velje plassen. Alle sju plassane er rauda i utgangspunktet, men etter programmet har sjekka om dei er ledige, vert dei sett grøne. Dette skjer før skjermbilde blir presentert på skjermen.

Trykker ein på ein knapp som er raud, vil det bli køyrt ein metode som viser ein alarm med beskjed om å velje ein annan plass, sjå kap. 9.2.3. Vert det trykt på ein grøn sirkel, vil den skifte til raud farge og lagre ID-en for vidare bestilling.

The screenshot shows a mobile application interface for CampLett. At the top, the logo 'CampLett' is visible. Below it, there are two text input fields labeled 'Fornamn' (First name) and 'Etternamn' (Last name). Underneath these, there is a section labeled 'Antall dagar' (Number of days) with a slider titled 'Velg antall dagar' (Select number of days). The slider has a range from 1 to 10, with the value set to 5. Below the slider, the price 'Pris 100 NOK' is displayed. To the left of the slider, there is a minus button (-) and a plus button (+). On the far left, the text 'Tildelt plass' (Allocated place) is shown above a 'Tilbake' (Back) button with a left arrow icon. In the center, there is a 'Home' button with a house icon. To the right, the text 'C5' is displayed above a 'Godta' (Accept) button with a right arrow icon.

Figur 14 Registrering av namn og val av overnattingsdøgn

Figur 14 viser eit av dei mest omfattande skjermbilda i programmet. Tekstfeltet er til for å laste inn namnet til kunden. Tekstfeltet er modifiserte med metodar i Java som gjer at det automatisk blir skriven stor forbokstav. Ved å bruke ein metode «`getText()`» i Java sitt bibliotek, hentar ein det som er skrive inn i tekstfeltet, og det bli brukt som parameter for å setje bestillinga i databasen.

I Figur 14 ser ein også slideren som blir brukt for å velje lengde på opphaldet. I prototypen har vi sett ei nedre grense på ein dag og øvre grense på ti dagar. Dette er mulig å endre etter behov. Slideren fungerer slik at ved å dra den fram eller tilbake, vil den sende ein verdi kvar gong den endrar seg. Java-programmet vil gjere ei utrekning, og totalsummen vil heile tida bli vist i ein «label» under slideren.



Figur 15 Bankterminalbilde med progressbar

Neste skjermbilde er basert på kontakt med bankterminal og heiter «BankTerminal», sjå figur 15. Her går det ein framdriftsindikator eller «progress bar» rundt og rundt for å indikere at CampLett-programmet ventar på at det skal bli betalt i bankterminalen. Dette er ein animasjon som er henta frå JavaFX.

I alle skjermbilda er det dei same knappane nedst på skjermen, som vist i figur 14. Det er ein «Home-knapp» som skal ta kunden tilbake til startsida. Kanskje blir kunden usikker på noko, eller har komme til ei halvferdig bestilling på eit framandspråk. Det er også ein knapp for å gå tilbake til førre skjermbilde og ein for å gå vidare til neste på dei fleste skjermbilda.

## 9.3 Implementere bankterminal i CampLett-programmet

Nets har utvikla ein API for tilkopling av bankterminal via RS-232. Denne blir referert til som JBAXI og består mellom anna av filene jbaxi.jar og baxi.ini. For å få tilgang til dette har CampLett måtte inngå ei NDA-avtale med Nets, sjå vedlegg 5. Dette er ei avtale som sikrar at informasjon som blir delt mellom partane HiSF og Nets ikkje blir delt utanfor dei vilkåra som er bestemt av avtalen. Derfor blir det ikkje gått grundigare inn på denne API-en, enn eit lett oversyn.

### 9.3.1 Java-biblioteket jbaxi.jar

For å kunne lese og sende data må programmet kommunisere gjennom biblioteket jbaxi.jar. Programmet kan då lese hendingar ved hjelp av ein «eventlistener» som kan brukast til å bestemme kva informasjon som skal sendast tilbake til terminalen.

### 9.3.2 Konfigurasjonsfila baxi.ini

Sidan bankterminalar behandler data som skal vere sikre og omhandlar pengesummar, må alt loggast. Baxi.ini fungerer hovudsakleg som ei konfigurasjonsfil der ein kan stille hastigkeit på sending, type port, osv., men også som ein logg for programmet. Den lagrar informasjon om alt som er sendt og lese mellom program og terminal.

### 9.3.3 Bruk av JBAXI i CampLett-programmet


Protokollen til terminalen tilseier at det må sendast ulike «Integer og String» -verdiar, der «Integer» er eit heiltall og String er ein tekst, i ulike metodar for å signalisere kva type operasjon som skal køyrast. Dei ulike kombinasjonane av verdiar gjer at det kan køyrast ulike operasjoner ved hjelp av same metode. Til dømes kan det køyrast «kjøp» og «slett kjøp» i same metode, så lenge det vert sendt riktige verdiar til terminalen.

I CampLett-programmet er det ein klasse som handterer kommunikasjon mellom pc og terminal. Dette er den einaste klassen i programmet som vert køyrt frå det grafiske grensesnittet utan å gå via «MainClass», sidan metodane frå denne klassen blir kalla direkte ifrå «BankTerminal-Controller».

Det er seks metodar som er laga for terminalen, med muligkeit for utviding:

1. Starte kommunikasjon med terminal
2. Slå av kommunikasjon med terminal
3. Kjøp
4. Slett kjøp
5. Avbryt kjøp
6. Avstemming

Med desse metodane kan CampLett-programmet gjennomføre og slette sal. Det er fleire alternativ ein kan legge til om ein ynskjer å utvide programmet. Til dømes kan ein lagre all informasjon i ein database som berre administrator har tilgang til.



Figur 16 Algoritmen til betalingsdelen av CampLett-programmet

Figur 16 viser korleis prosessen til terminalen fungerer i programmet. Det blir først sendt ein førespurnad til terminal ved start av CampLett-programmet. Om førespurnaden blir godkjent, vil den vente til programmet kører ein av dei seks metodane.

Når kunden har valt plass og skrive inn alle kriteria for å gå vidare, sender programmet metoden «kjøp» til terminal, og kunden kan betale i terminalen. Når kjøpet er fullført, er det mogeleg å eliminere kjøpet slik at summen ikkje blir trekt frå bankkonto. Under betalingsprosessen er det også mogeleg å hoppe over betaling for å gå direkte til kvittering. Kjøpet vil då bli avbrote og terminalen går tilbake til å vente på metode. Når administrator lukkar programmet, vil kommunikasjon mellom terminal og CampLett-programmet stoppe.

## 9.4 Database

CampLett-programmet er bygd rundt databasen, og det er der informasjon blir henta og lagra. Databasen består av to tabellar. Den eine tabellen blir brukt for å hente informasjon slik som pris på overnatting, medan den andre tabellen lagrar data om bestillinga til kunden. Desse to tabellane blir knytt saman med ein primærnøkkel på kvar av kollonenummara med namnet «Nr». Kundane blir registrert i tabellen etter kva nummer dei vel under innsjekking.

Tabell 1 Utsnitt av tabell for campingplassdata

Nr	Boenhet_id	Boenhet	St_relse	Pris
1	1	Hytte	4	1350
2	1	Hytte	4	1350
3	1	Hytte	4	1350
4	1	Hytte	4	1350
5	1	Hytte	4	1350
6	1	Hytte	4	1350
7	1	Hytte	4	1350
8	2	Telt	NULL	100
9	2	Telt	NULL	100

Tabell 1 inneholder informasjon om kva type plassar ein kan leige. Vi har tre val som er campingvogn, telt og hytte. I den første tabellen ligg også informasjon om kor mange ein har av kvar eining og kva prisen er i døgnet for leige. Denne informasjonen les Java-programmet og brukar for å vise riktig informasjon på dei grafiske skjermbilda.

Tabell 2 Utsnitt av tabell for kundedata

Nr	innsjekk	utsjekk	Fornavn	Etternavn	Total_Sum	Betaling_godkjent
1	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL
2	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL
3	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL
4	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL
5	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL
6	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL
7	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL	NULL

Java-programmet brukar Tabell 2 til å lagre informasjon etter ei bestilling er fullført. Det blir registrert namn, lengde på opphold, totalsum og om betalinga er godkjent.

## **9.5 Installasjon av CampLett-programmet**

Når CampLett-produktet skal installerast, må ein serviceteknikar installere MySQL, databasar og CampLett-program på ein PC med Windows operativsystem. Ein pc med berøringsskjerm er å anbefale.

For å starte programmet, må personell først starte MySQL som administrator og deretter starte CampLett. I oppstarten av programmet vil det komme ein alarm dersom personell har gløymt å starte databaseprogrammet. For fullstendig brukarmanual sjå vedlegg 1.

## 10.0 Utvikling av CampLett-programmet

Målet med arbeidet var å lage ein prototype av eit innsjekkingssystem til campingplass. Frå undersøkingsperioden hausten 2014 saman med forprosjektet hadde vi ein plan på korleis systemet skulle sjå ut. Dette var ei relativt grov skisse beståande av stort sett det grafiske oppsettet. Programmeringspråket, databasesystem og maskinvare var også planlagt i forprosjektet.

Dette kapittelet går nærmare inn på korleis gruppa har løyst utviklinga av programvaren til prototypen. Det vil bli forklart korleis vi har løyst dei ulike delane i programvaren frå planlegging til testing og feilretting.

Vi delte programvaren i fire hovuddelar, slik at kvar av dei fire gruppemedlemmene fekk sitt eige hovudansvar. Dette viste seg etter kvart å verte ei naturleg inndeling, sjølv om nokre av delane vart meir omfattande en andre.

### Grafikk

Designe den grafiske utsjånaden til programmet.

### Logikk

Lage logikk for kommunikasjon mellom delane, kalkuleringar og berekningar av nødvendige verdiar for å hente nødvendig informasjon.

### Database

Lage ein database i MySQL som passar til ein tenkt campingplass.


### Tilkopling til bankterminal

Få kontakt mellom eit Java-program og bankterminalen, og eventuelt sjå på andre betalingsløysingar.

## 10.1 Utvikling av grafisk design

Det vart tidleg bestemt at den grafiske delen skulle lagast i JavaFX og ved hjelp av FXML-filer som vi ville konstruere i Scene Builder. Dette hadde gruppa god kjennskap til frå tidligare undervisning, lab-arbeid og utforsking.

Scene Builder er eit visuelt verktøy som gjer det raskt for brukaren å utforme det grafiske miljøet. Der kan ein hente grafiske element med musa og plassere dei der ein vil ha dei i bildet. Programmet stiller med eit stort kategorisert lager av grafiske komponentar som står Java til rådighet. Figur 17 viser eit arbeidsområde som brukaren kan dra og sleppe komponentar på, og samstundes endre deira eigenskapar. FXML kodane blir automatisk generert i bakgrunnen [25].



Figur 17 Arbeidsbenken i Scene Builder

Det første som vart nytt for oss, var at vi hadde behov for å byte ut FXML-filene på skjermen etter kva skjermbilde som skulle visast. Vi undersøkte dette temaet på internettforum som [www.stackoverflow.com](http://www.stackoverflow.com) [26] og liknande. Vi fann fleire meningar om korleis det burde gjerast.

Vi fann eit godt eksempel på Oracle-bloggen til Anglea Cacedo. Ho har utvikla eit kasino i JavaFX med fokus på fin grafikk og transaksjonar mellom skjermbilder [23], akkurat slik vi hadde tenkt oss. Ho hadde også lagt ut alle kjeldekodane sine for fri bruk. Dei var relativt enkle å sette seg inn i og fungerte bra. Vi brukte dette som eit utgangspunkt for det grafiske rammeverket.

Etter kvart såg vi eit problem med rammeverket. Vi fekk problem med å laste inn sanntidsinformasjon til dei grafiske bilda. Dette såg vi når ein verdi vart sett i det eine skjermbilde og skulle visast i neste skjermbilde. Då fekk vi den gamle null-verdien. Etter feilsøking konkluderte vi med at rammeverket lasta FXML-filene og tilhøyrande Control-filer i starten av programmet. Det medførte også at all informasjonen vart lasta inn i starten i staden for når skjermbilde viser på skjermen. Dette var motseiande i forhold til det vi hadde forstått frå dokumentasjonen til Cacedo.

Vi såg for oss å løyse dette enten ved å bygge om rammeverket, eller å bruke ei form for «eventlistener» som kunne merke at det aktuelle bildet vart vist og deretter laste inn nødvendig informasjon.

Løysinga vart å bygge om rammeverket slik at skjermbilda vert tekne heilt vekk frå systemet og lasta inn på nytt når dei skal visast. Denne modifikasjonen gjorde at vi fekk lasta inn ny informasjon når eit skjermbilde vart vist på skjermen.

Dei grafiske skjermbilda vart laga i JavaFX Scene Builder og kopla saman med Control-file i Java. Dette var ein tidkrevjande prosess, samtidig som det var her dei fleste endringane måtte gjerast etter testperioden.

Etter testen hadde vi mange tilbakemeldingar på at det burde være mogeleg å trykke på både flagget og knappen når ein skal velje språk i starten av innsjekkinga. Det var også eit liknande ynskje i det tilfelle at ein skal velje bualternativ. Her er det også eit bilde som burde utføre den same kommandoen som knappen. Vi løyste dette ganske enkelt ved å gi bilda den same FXML-ID-en som den tilhøyrande knappen. Slik vil den same metoden bli køyrd, og ein slepp å skrive Java-kodane på nytt.

Eit problem som oppstod undervegs, var val av plass i kartet. Her skal plassane som viser oppatt i databasen bli markert med fargen raud, og samtidig skal dei plassane som er ledige gå frå grøne til raude når dei verte trykt på. Om kunden ombestemmer seg og heller vil ha ein anna plass, vil fortsatt den valte knappen vise raudt, og det vil være uråd å vite kva plass ein eigentleg har valt.

Løysinga på det vart at den metoden som i utgangspunktet lastar inn alle dei ledige plassane og sett dei grøne når skjermbildet vart lasta vert køyrd også kvar gang ein knapp blir trykt på.

På den måten vil skjermbildet oppdatere seg i forhold til databasen kvar gong ein knapp blir trykt på og ikkje berre i starten.

## **10.2 Utvikling av Java-basert logikk i CampLett-programmet**

Dette kapittelet tar for seg utfordringar, problemstillingar og løysingane vi kom fram til under arbeidet med logikken bak CampLett-programmet.

### **10.2.1 Kommunikasjon med database**

Vi laga ein eigen klasse for kommunikasjon med MySQL-databasen. Denne klassen innehold både metodar for å kople til databasen og for å hente ut eller sette informasjon i databasen. Vi hadde gjort liknande ting i faget Industriell-IKT. Kodar som vi hadde frå før kunne brukast med enkle endringar og fungerte nesten med ein gong.

### **10.2.2 Språkpakke**

For å presentere programmet på fleire språk, måtte all skrift som skulle synast på skjermen samlast i variablar. Dei aktuelle variablane måtte hentast inn i grafikken etter kva språk som var valt. Gruppa sin første ide var å ha eit sett String-variablar liggande i ein klasse og når språket vert valt skulle kvar av variablane settast til det valte språket. Det ville då bli ei omfattande prosedyre akkurat når ein vel språket, men enkelt å referere til frå den grafiske delen.

Etter kvart kom det fram ei løysing med å lage ein klasse som inneheldt alle dei aktuelle variablane med konstruktør, get-metodar og klassar for kvart språk. Desse arva eigenskapar frå den første klassen. Sjå Kap.9.1.6. Dette gav oss eit enkelt og ryddig system. Bakdelen var at det vart litt komplisert å legge til nye setningar etter kvart, då dei måtte leggast til fleire plassar. På ei anna side fekk vi fordelen av feilmelding frå «compilatoren» i NetBeans om ikkje variablane stemte overeins. Dette kjem av arvestrukturen og gjorde at vi kunne vere sikre på at vi hadde med omsetjing for alle språk.

### **10.2.3 Logikk for det grafiske**

Vi bestemte at den grafiske delen av programmet skal gjere minst mogleg arbeid. Med dette meinte vi at alle operasjonar den grafiske delen treng å utføre skal ligge i ein klasse som alle Control-filene har tilgang til. På den måten kan metodane brukast fleire stadar, og vi lagar eit ryddig miljø, sjå dette nærmare i kap. 9.1.5. Etter kvart såg vi at det var ein del operasjonar som var hensiktsmessig å lage direkte i Control-filene, men i hovudsak vert alle større operasjonar utført i objekt av «MainClass».

Vi bestemte oss for å ha ein Interface på «MainClass» for å halde oversikt over alle metodane. Utgangspunktet for denne «interfacen» vart skriven ved å gå gjennom planane frå forprosjektrapporten. Når vi følte vi hadde med det som var nødvendig i «interfacen», kunne vi enkelt autogenerere alle metodane i «MainClass» og skrive logikken i dei etter kvart.

Vi var førebuide på at det kom til å komme opp ting vi ikkje hadde tenkt på etter kvart. Det vart både lagt til, fjerna og endra på metodar undervegs. Blant anna fann vi ut at vi måtte lage ein eigen metode for å konvertere dato frå det Java gav oss og til ein verdi som MySQL kunne forstå.

#### **10.2.4 Skjermtastatur**

Vi har hatt store utfordringar med å styre tastaturet. Det var eit ynskje å kunne bruke eit tastatur på skjermen for å sleppe å ha noko fysisk. På same måte som eit nettbrett eller ein mobiltelefon ville vi at det skulle komme fram når det var behov for det.

Det første vi undersøkte var om det var mogleg å styre tastaturet «osk.exe» som ligg i Windows som standard. Vi fann ut at vi kunne bruke klassen «Runtime» for å køyre program utanfor Java. «Runtime» kan også køyre «CMD-kommandoar» [18], og vi trudde derfor at vi kunne bruke kommandoen «taskkill» for å lukke tastaturet. Dette viste seg ikkje å fungere. Grunnen til det var at «osk.exe» vert kjørt frå systemfilene til Windows og krev derfor administratortilgang for å bli avslutta. Java-programmet vårt har ikkje administratortilgang.

Vi lasta ned eit anna tastatur og installerte det på maskina. Dette kunne vi styre utan administratortilgang. I forhold til design såg ikkje dette tastaturet bra ut, og det vart derfor bestemt å jobbe vidare for å finne ei betre løysing.

Vi fann etter kvart endå eit tastatur på Windows som heiter «TabTip.exe». Dette tastaturet hadde fint grensesnitt. Det hadde også andre fordelar som at vi kunne justere inn størrelsen på det og flytte det rundt på skjermen. Etter at vi avslutta og starta det igjen, hadde det fortsatt den valte plasseringa.

Å avslutte «tabtip.exe» viste seg å vere like vanskelig som for «osk.exe». På [www.stackoverflow.com](http://www.stackoverflow.com) [27] og andre forum var dette diskutert mykje. Det virka som mange hadde det same behovet som oss, og det florerte mange meininger og forslag men

ingen svar. Vi fann ut at Windows sender noko som heiter «PostMessage», og desse meldingane blir brukte til å styre det meste i Windows. Det skulle også vere mogeleg for oss å generere slike meldingar. Vi fann mange eksempel på det i språket C# og C++, men siden Java er eit språk som er uavhengig av operativsystem, er det ikkje klargjort for å kommunisere med Windows på den måten. Etter kvart fann vi biblioteket Java Native Access (JNA) som gjorde det mogeleg for oss å kommunisere med Windows via PostMessage [19].

PostMessage krev forskjellige parameter for å vite kva program som skal behandlast og kva som skal gjerast med det. Ved hjelp av ein metode i JNA kalla «Findwindow», går programmet gjennom vindauga som køyrer i bakgrunnen og samanliknar dei med det du søker etter. Denne metoden krev at du sender eit klassenamn på det vindauge du søker for så å samanlikne. Klassenamnet på «TabTip.exe» fant vi ved å bruke eit gratis program som heiter «WinID» [28].

Vi vart i stand til å avslutte dei fleste program på maskina via Java. «Tabtip.exe» var ikkje eit av dei og vi forsto ikkje kvifor. Resultata våre stemte igjen med forum, «TabTip.exe» vart blant anna referert til som eit «spøkelse» i Windows.

Vi fann til slutt grunnen til dette. Grunnen var at kommandoen som vi sendte til «Tabtip.exe» er ein kommando om å avslutte vindauget. Problemet er at når ein vel å avslutte «Tabtip.exe», blir vindauget i realiteten ikkje avslutta, det vert gjømt på sida av skjermen slik at det skal være enkelt å hente fram igjen.

Løysninga vart å sende en systemkommando med eit parameter «SC\_CLOSE» via «PostMessage» til Windows. Dette betyr i praksis at vi kommanderer Windows til å trykke på «X» i vindauget. Denne parameteren var ikkje tilgjengelig i JNA biblioteket, men det kunne refererast til ved en integerverdi. Denne verdien kunne Google hjelpe oss med å finne [29].

Det vart også diskutert under prosessen å lage eit tastatur sjølve i Java, eller å bruke noko som var ferdig laga. Vi fann ikkje noko som passa med vårt design. Fordelen med å lage tastaturet sjølve hadde vore at vi kunne avgrense det til dei absolutt nødvendige tastane, for eksempel bokstavar. Bakdelen er at det hadde vore vanskelegare å implementere fleire språk. I «Tabtip.exe» har vi moglegheit til å velje språk. Gruppa sin grafikkansvarleg var også overarbeidd på dette tidspunktet.

### **10.3 Utvikling av databasesystemet til CampLett**

For å strukturere dei data CampLett-programmet skal bruke, blei det oppretta ein database i MySQL med Workbench som plattform. I dette kapittelet blir det forklart korleis databasen er bygd opp, og kva hjelpemiddel som er brukt i den samanheng.

Bakgrunnen for valet av MySQL som databaseverktøy er at dette er den mest brukte databasen i verda og programvaren er gratis [5]. Tidlegare i studiet har vi fått kjennskap til MySQL og vi har valt å bygge vidare på den kompetansen.

I dette prosjektet vart det brukt ein lokal database som inneber at databasen er lagra lokalt på maskina. Bakgrunnen for å bruke ein lokal database er at i dette prosjektet er det berre ei maskin som skal ha tilgang til databasen, og det hadde sett strengare krav til vern av databasen om den låg på nett.

Databasen er utvikla frå eit Excel-dokument som blei eksportert til MySQL. Det er ulike måtar å gjere det på, og vi valde å bruke eit nettbasert program som heiter «database import scriptor» [30]. Programmet konverterar cellene i det valde Excel-dokumentet til MySQL kodar. Grunnen til at vi valde å bruke denne metoden, var at det gjorde jobben raskare, og ein slapp å kode alt i tabellen.

Når MySQL-kodane var generert, vart alle variablane konvertert til integer. Det vart då nødvendig å endre desse til passande variablar, for eksempel må «namn» ha variabel «varchar». Denne løysinga fungerte for vår del, og det blei derfor ikkje brukt tid på å sjå på andre metodar.

## 10.4 Tilkopling mellom bankterminal og Java

For å finne ut av kva reglement som gjaldt for å implementere ein bankterminal i vår prototype, tok vi hausten 2014 kontakt med Microlog, sjå vedlegg 9. Dei fortalte oss at så lenge terminalen er sertifisert, så treng ein ikkje å halde seg til noko meir enn godkjent innsynsbeskyttelse samt krava i «Universell utforming» når den skal implementerast. Sidan terminalen er produsert av Ingenico og allereie er EMV-sertifisert, vart det fokusert på å finne ut av kommunikasjon mellom programmet og terminalen.


Dette kapittelet tek for seg to ulike løysingar som vi kom fram til, Javacard-plattform i Netbeans og JBAXI-protokoll som vi fekk tilgang til av Nets.

### 10.4.1 Undersøking av kommunikasjon

For å finne ut av kva type kommunikasjon vi måtte bruke mellom programmet og bankterminalen, undersøkte vi kva dokumentasjon leverandørane leverte. Nets og Ingenico har opne produktark og dokumentasjon som omhandlar terminalen, sjå vedlegg 12.

ICT-220 har fleire COM-portar som kan nyttast til ulik bruk. Første alternativ er ein port med mini-USB endestykke i terminalen og DE-9 i kassesystemet. Ein kan også bruke ein av to USB-portar til sending av informasjon. Terminalen har ein master USB-port (USB A) som ein kan kople opp imot skrivar, skanner osv., og då verkar terminalen som ein vert for eksterne einingar. Den har også ein USB slave port (USB-B) som ein kan kople opp mot pc for å sende data. Den krev ein USB-drivar slik at terminalen blir registrert som ein virtuell COM-port.

Gruppa ønska å teste kommunikasjon med dei datamaskinene som programmet vart utvikla på. Dei er ikkje levert med DE-9 portar, så det måtte enten brukast ein adapter med USB til DE-9 kontakt, eller kommunikasjonen måtte gå gjennom slaveporten. Valet landa på å ha kommunikasjon gjennom slaveporten som ein ser midt i biletet på figur 18. Den kan brukast så lenge det er installert ein drivar for eininga på datamaskina. Drivaren for USB tilkopling har Nets lagt ut på si eiga heimeside tilgjengelig for nedlastning [31].



Figur 18 Baksida av ICT-220 terminalen med alle inngangar.

Frå figur nr. 19 ser ein biletet av den kabelen som er nytta mellom slaveporten og panelpc-en i prosjektet. Dette er ein USB-A til USB-B -kabel. RS-232 protokollen for kommunikasjon er nytta sjølv om det er brukt pluggar og portar frå USB-standarden.




Figur 19 USB B (t.v) til USB A (t.h).

Då terminalen var registrert som ein virtuell COM-port på pc-en, måtte gruppa finne ut kva kommunikasjonsprotokoll som skulle brukast slik at programmet kunne sende den informasjonen ein treng. Ifølge drivarinallasjonsmanualen til terminalen måtte ein oppdatere til baxi.net-versjon. Dette er filer som er bindeledd mellom terminal og kassesystem. Desse fekk vi tilgang til etter samtale med Nets seinare i undersøkinga. BAXI er ein termologi som ein brukar for heile BAXI-pakken.

#### 10.4.2 Kommunikasjonstest med hyperterminalar

Tidlig i prosjektet var ikkje protokollen for kommunikasjon utlevert frå Nets. Det blei derfor forsøkt å sende ulike data til terminalen gjennom USB-portane frå ei datamaskin for å sjå om terminalen kunne lese enkle bit-signal. Det vart gjort forsøk der det blei brukt to ulike hyperterminalar, samt eit Java-program som var utvikla ved eit tidlegare prosjekt, for å sende serielle signal med ulike verdiar i RS-232 protokoll. Det var ingen respons frå terminal, og gruppa konkluderte med at det mangla ein «handshake». Det vil seie godkjenning frå terminalen slik at den opna for kommunikasjon. Det var tankar om at det kunne vere den tidlegare nemnte BAXI-fila som burde vore implementert. Forsøk nummer to var å kople opp terminalen med ein panelpc som hadde DE-9 port. Forsøket med å sende serielle bits til terminalen frå ein hyperterminal blei gjentatt, men her var det heller ingen respons.



Figur 20 Hyperterminal i Windows

Hyperterminalen som vist i figur 20, er programvare som var installert fast på eldre OS, men er ikkje på Windows 7 og nyare. Det er programvare som ligg gratis på nett for nedlasting slik at nyare OS også kan bruke det. Gruppa har hatt ein del erfaring med det tidlegare frå laboratorieøvingar og prosjekt med RS-232 kommunikasjon. Ved hjelp av dei programma kan ein sende serielle bit, bestemme hastigheit på sending og ein del andre kriterium.

#### **10.4.3 Alternativ 1 - Javacard**

Javacard er ei plattform vi har tilgang til i NetBeans, og den har bibliotek for å utvikle program som skal kommunisere med smartkort [32]. Dagens bankkort blir kalla smartkort på grunn av chipen som er installert i dei. Tidlegare hadde alle betalingskort berre ei magnetstripe som ein brukte i betalingssamanheng. Den lagra enkle data som ein må bruke for å fullføre ein transaksjon. Dette var ein usikker måte å lagre data på, så smartkort vart utvikla og levert med ein chip som var mykje sikrare. Ved å utvikle smartkort kom ein ny sikkerheitsprotokoll, gjorde at det ikkje lenger var like enkelt å svindle eigaren av kortet [33].

Parallelt med undersøkinga av BAXI, blei det undersøkt kva som måtte til for å sette opp eit program ved hjelp av Javacard. Det blei konkludert med at den tida som var til rådighet var for liten til at gruppa kunne sette seg inn i to ulike løysingar av kommunikasjon til terminalen, eventuelt kunne det utvidast med Javacard dersom ein hadde hatt tid til overs. Prosjektet vart derfor avgrensa til den informasjonen som Nets gav oss.

#### **10.4.4 Alternativ 2 - BAXI**

Intuit developer har lagt ut ein API for ein anna type Ingenico terminal, Ingenico 3070, som omhandlar kommunikasjon rundt terminalen [34]. Den tek for seg spesifikke kodar som tilseier om den skal ta imot data eller sende «handshake». Gruppa fekk bekrefta dette av ulike firma som lagar programvare til bankterminalar via telefon og e-post, sjå vedlegg 4. Tilbakemeldingane sa at Nets kunne gje tilgang til dei rammeverka som trengst for å opprette kommunikasjon mellom terminal og ECR(Electronic Cash Register).

Etter samtale med Nets, fekk gruppa tilgang til to ulike protokollar for kommunikasjon. Den første protokollen, DFS-13, krev mykje programmering og er veldig tidkrevjande. Denne protokollen er hovudsaklig brukt på gamle kassesystem utan skjerm som ikkje har muligkeit til å nytte BAXI. Det andre alternativet, som er nemnt tidlegare, er BAXI-protokollen. Den er mykje meir brukarvenleg og enklare å programmere, derfor valde vi den.

Nets har all data for kommunikasjon i ein FTP-portal som er lukka med brukarnamn og passord. For å få tilgang til den måtte gruppa inngå ein NDA-avtale med Nets, sjå vedlegg 5. Dette er ein avtale som sikrar at informasjon som blir delt mellom partane CampLett og Nets, ikkje blir delt utanfor dei vilkåra som er bestemt av avtalen.

Gruppa hadde dialog med Nets si kundeavdeling som driv med utvikling og feilsøking av programvare opp mot bankterminal. Dei gav tilgang til den lukka FTP-portalen etter at avtalen var underskriven. Her fekk vi tilgang til dei filene og dokumenta som måtte til for å kople saman programvaren vår og bankterminalen. Det innebar eit bibliotek og konfigurasjonsfiler som fungerte som mellomledd mellom terminal og program. Utvikling av metodar og løysingar i Java gjorde gruppa sjølv.

Dei filene vi hadde behov for på FTP-serveren til Nets er som nemnt beskytta av ei NDA-avtale, og vi kan derfor ikkje gå djupare inn i korleis desse filene er bygde opp, men ein kan sjå meir om kva dei er brukte til i kap 9.3.

## 10.5 Test av prototype

For å teste og få tilbakemelding på programmet, gjennomførte gruppa først ei kundeundersøking. Den blei utført i veke 16 ved HiSF, avdeling Førde. Undersøkinga tok for seg ei fiktiv kundegruppe som bestod av elevar og tilsette ved HiSF, og dei fekk moglegheit til å sjekke inn ved hjelp av CampLett-programmet. Prosjektgruppa har også hatt ein dialog med Kjørnes Camping i Sogndal gjennom prosjektet, for å få idear og tilbakemeldingar om produktet. I veke 19 tok gruppa turen til Kjørnes for å utføre ein slutttest.

Under testperioden vart prototypen sett opp i kantineområdet ved HiSF. Der kunne forbipasserande teste programmet på panelpc-en, for så å gje tilbakemelding i ei kundeundersøking via «Google Docs» som var satt opp på ein pc ved sidan av. Fokuset i testen var å undersøke om programmet var brukarvennleg, så det var viktig at dei som utførte testen klarte å gjennomføre utan hjelp. Målet med programmet er at det skal vere sjølvbetjent.

The screenshot shows a Google Doc form titled "Kundeundersøkelse for CampLett". At the top, it says "Vennligst grader programmet ved hjelp av følgende spørsmål". Below that is a note in red: "\*Må fylles ut". The main question is "Brukervenlighet \*", followed by a list of five options from 1 to 5. Below the list is a text area for "Tips til forbetring?". At the bottom left is a "Fortsett" button, and at the bottom right is a progress bar showing "25 % fullført". The footer indicates the form was created by Google Forms and includes links for reporting abuse and viewing terms of service.

Kundeundersøkelse for CampLett

Vennligst grader programmet ved hjelp av følgende spørsmål

\*Må fylles ut

**Brukervenlighet \***

Kor enkelt var det å forstå programmet. (Logisk)

5: Veldig enkelt  
 4: Enkelt  
 3: Medium  
 2: Ikke enkelt  
 1: Vansklig  
 Ingen kommentar

Tips til forbetring?

Fortsett

25 % fullført

Drevet av Google Forms

Dette innholdet er ikke laget eller godkjent av Google.  
[Rapporter misbruk](#) - [Vilkår for bruk](#) - [Ytterligere vilkår](#)

Figur 21 Utsnitt av kundeundersøkinga frå Google Docs

Som ein ser av figur 21, kjem brukaren til eit enkelt spørjeskjema som dei fyller ut. Alle svara frå undersøkinga blir automatisk lagra og oppdatert i eit Excel dokument på Google sine serverar, og prosjektgruppa fekk då heile tida tilgang på svar og statistikk frå undersøkinga.

Løysinga vi har valt til testinga samlar alle resultata frå testen og gjer dei lett tilgjengelige. Ved å bruke «Google Docs», sparte gruppa tid og fekk dokumentert alle tilbakemeldingane fortløpende.

Etter kvar undersøking vart det retta opp i dei fleste elementa som var nemnt, slik at den utbetra versjonen av programmet var klar til neste test. Gruppa vart delt i to under testen. Der den eine delen stod for kundehandtering, og den andre stod for programmering og feilretting.

A	B	C	D	E
1 Tidsmerke	Brukervenlighet	Tips til forbetring?	Design	Tips til forbetring?
20 14.04.2015 kl. 13.19.41	5: Veldig enkelt	Tilbakemelding på trykk, på antall degn.	5: Bra.	
21 14.04.2015 kl. 13.20.45	4: Enkelt	litt språk vask	5: Bra.	
22 14.04.2015 kl. 13.26.51	4: Enkelt	Forlaring fargekoder opptatt ledig før ein trykker. Plassee	4: Ok. Litt småplukk	Sjå tidlegare
23 14.04.2015 kl. 13.29.02	5: Veldig enkelt	Godta knapp tilgjengelig etter at du har srevet på tastat.	4: Ok. Litt småplukk	
24 14.04.2015 kl. 13.30.44	4: Enkelt	4: Ok. Litt småplukk		
25 14.04.2015 kl. 13.35.07	5: Veldig enkelt	Særs godt	5: Bra.	
26 14.04.2015 kl. 13.41.26	4: Enkelt		4: Ok. Litt småplukk	det tok litt tid før jeg forstod at jeg måtte krysse ut tastaturet.
27 14.04.2015 kl. 13.45.04	5: Veldig enkelt	Når en skal skrive navn, burde pilen komme på formavn Burde være mulighet for flere dager enn 4. Kanskje sorter etter alfabetet eller pris.	4: Ok. Litt småplukk	

Figur 22 Utsnitt frå Excel dokumentet, med tilbakemeldingar frå kundeundersøking

Excel-skjemaet figur 22. syner når tilbakemeldingane vart registrerte. Sidan det samstundes vart jobba med oppdateringar kunne ein sjå om tilbakemeldingane endra seg etter at det kom ny programvare på teststasjonen.

Statistikken over tilbakemeldingane syntetiserte at det var dei same problema eller ønska som gjekk igjen. Eit godt eksempel er tastaturet som var vanskelig å fjerne. I første versjon av programmet måtte ein trykke på «X» i hjørnet på tastaturet for å lukke det før ein kunne gå vidare. Dette var den største forbetringa som var gjort etter kundeundersøkinga, og ein kan lese meir om dette i kap. 10.2.4.


Under testen var panelpc-en heile tida kopla opp mot skulen sitt nettverk, slik at nye versjonar av programmet kunne lastast inn når større endringar var gjort. Teststasjonen vart då fortløpende oppdatert og nye funksjonar vart lagde til.

Etter at kundeundersøkinga og utbetringar var gjennomført, tok gruppa kontakt med Kjørnes Camping for å avtale tid til slutttest. Den vart sett til Torsdag i veke 19, og dei tilsette ved campingplassen skulle få moglegheit til å sjå og prøve ut prototypen.

Ved besøket i Sogndal fekk campingpersonale prøve å gjennomføre ei bestilling for så å gje tilbakemelding på om det var brukarvennleg. Kjørnes var veldig positive til prototypen, og meinte dette var eit program som kunne vore installert på campingplassen. Ved spørsmål om kva dei ville ha hatt med ved ei eventuell utviding, så nemnde dei det å velje tal personar som skal sjekke inn, fleire alternativ på hytter, prisforskjell og avstemming ved dag og månadsslutt.

#### 10.5.1 Testresultat

Målsettinga med testen var å få tilbakemelding på brukarvennlegheta til produktet vårt. Figur 11 er eksempel på ein graf Google Docs kunne autogenerere frå resultata. Utifrå dette kunne vi konkludere med at «CampLett» var brukarvennleg. Dette sidan 94,4% svarte at det var enkelt eller veldig enkelt å bruke. Av 54 testpersonar var det ingen som meinte det var *vanskeleg* eller *ikkje enkelt*.



Figur 11 Utsnitt av statistikken over brukarvennleghet frå undersøkinga

#### 10.5.2 Styrkar og svakheiter rundt testen

Testen har vore eit bra hjelpemiddel for å forbetre programvaren. Campingbransjen har vore nøgd med produktet. Det vart ikkje gjort noko endringar etter besøket hos dei. Ein svakheit ved at testen blei utført ved ein høgskule er at brukargruppa er forholdsvis lita, dei har tilnærma lik bakgrunn og det er liten aldersforskjell. Ved ein campingplass vil kundegruppa vere meir varierande.

## **11.0 Refleksjon rundt vidareføring av produkt**

Etter tilbakemeldingane på prototypen vår, både frå testpersonar og campingbransjen, er det freistande å vidareføre prosjektet til eit kommersielt produkt. I så fall er det nokre punkt som må utviklast meir.

### **Bankterminal**

I prototypen er det brukt ein Ingenico ICT 220 bankterminal. Denne er i utgangspunktet ikkje berekna på bruk utan personale til stades. Det vil vere naturleg å investere i ein terminal som er berekna på å bli montert fast og kan samanliknast med sjølvbetjent bensinpumpe. Nets leverer noko som heiter «iUN-terminal» som er berekna for sjølvstendige billettautomatar, sjå vedlegg 11. Desse hadde vore eit bra alternativ om prosjektet vert jobba vidare med.

Det kan bli nødvendig å endre BAXI-delen av programmet til å passe andre typar bankterminalar, men dette har vi ikkje undersøkt i dette prosjektet.

### **Kvittering**

Kunden vil forvente å få ei kvittering på kjøpet sitt. I prototypen er kvitteringa synleg på skjermen etter betalinga er godkjend. Den burde bli skriven ut ved hjelp av ein tilkopla printer. Andre løysingar kan vere å sende den på e-post eller SMS til kunden.

### **Database**

Databasen som ligg lokalt på teststasjonen burde flyttast til ein server som personell på campingplassen har tilgang til. Det burde også utviklast eit enkelt administrator-program på denne serveren som personell kan logge inn på for å få oversikt over inntekter, MVA-grunnlag og liknande. Det burde også vere tilgang for å endre pris på bueiningane her.

Administratordelen burde kunne overstyre databasen slik at eventuelle feil kan rettast og manuelle bestillingar kan leggast inn.

Automaten og serveren må vere kopla på eit lokalt nettverk utan internett for å ivareta sikkerheita for data. Om systemet skal koplast mot internett, må tilgangen til MySQL-databasen sikrast vesentleg meir en den er i dag.

## **Reglement**

Lovvekt angåande automatar og universell utforming må gjennomgåast på nytt ved eventuelt kommersielt bruk. CampLett-automaten er per no å rekne som ein prototype for å prøve marknaden og interessa, og der ikkje alle krav nødvendigvis er teke omsyn til.

I tillegg til desse punkta vil det vere nødvendig med spesialtilpassing på campingplassen for å tilpasse kart og tal på bueiningar. Det kan også diskuterast om ein skal lage ein enklare universell versjon der karta med spesifikke plassar utgår. Det er også mogleg å lage eit meir avansert administrator-program, der personell får tilgang til å legge inn kart og tal på plassar sjølv.

Under forundersøking hausten 2014 kom vi over eit campingkort. Dette blir brukt over heile Europa og er tatt i bruk på dei fleste campingplassar i Norge. Campingkortet inneheld all informasjon om eigar, slik at campingplassar berre treng å lese dette digitalt for å registrere kunden [35]. For å gjere CampLett endå enklare å bruke ville det vere ein god ide å kunne lese dette inn i vårt system.

Eit nettbasert system vil gje større fridom både for innehavarane av systemet og til brukarar. Det kan utviklast ein HTML-versjon av systemet på ei nettside og ein applikasjon, slik at det kan bestillast opphold på førehand via internett.

## 12.0 Konklusjon

Oppgåva til CampLett har vore å utvikle eit sjølvbetjent system for innsjekking på campingplassar. Som følgje av kostnadsanalysane for komplett system med bom ved inngang og maskinvare for bruk utandørs, som vart gjort hausten 2014 [36], vart oppgåva avgrensa til å utvikle programvare tilrettelagt for campingplass og ein teststasjon tilkopla bankterminal. Desse elementa vart definerte som ein prototype.

Resultatet er ein fullt funksjonell automat som har grensesnitt via ein berøringsskjerm på 15 tommar, og ein Ingenico bankterminal. Skjermen er stor nok til å presentere store og oversiktlege berøringselement som gjer den enkel i bruk. I automaten er det mogeleg å velje hytte- og telt eller vogn –plassen som kunden sjølv ynskjer. Ein vel kor lang tid ein vil leige plassen for og tastar inn namnet sitt. Kunden må betale i bankterminalen med ein gong og får opp ei kvittering på skjermen når transaksjonen er fullført.

Prototypen gjer det mogleg for kunden å hoppe over betalinga eller å annullere den etter den er fullført. Dette er funksjonar som er laga for at testing av systemet skal kunne fullførast utan at testpersonen vert økonomisk lidande. Desse vala vert sjølvsagt fjerna i eit eventuelt kommersielt produkt.

Programmet er skrive i Java og er sett saman med tanke på utviding til eit fullskala produkt. Alle data vert lagra i database som ikkje er avhengig av Java. På den måten kan andre program få tilgang til bestillingsinformasjon. Programmet er laga i fleire delar og er programmert på ein oversiktleg måte, slik kan nye funksjonar leggast til utan at heile programmet nødvendigvis må endrast og testast på nytt.

